



ÅRSMELDING 2016

KONTROLLUTVALET - MODALEN KOMMUNE

Organisering og møter

Denne rapporten gjeld kontrollutvalet sitt arbeid i tidsrommet 01.01.2016 til 31.12.2016. I denne perioden har utvalet hatt følgjande samansetjing:

Faste medlemmer:

- Knut Moe (leiar)
- Sigmund Vikane (nestleiar)
- Trude Langedal

Varemedlemmer:

- 1. vara Sigrunn Almelid Birkeland
- 2. vara Bjørn Helland
- 3. vara Trygve Mjelde

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som er direkte valt av kommunestyret og rapporterer om sitt arbeid til kommunestyret. Kontrollutvalet skal føre løypande tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga og sjå etter at der er ein forsvarleg revisjonsordning, på vegne av kommunestyret. Kontrollutvalet i Modalen vedtok i sak 06/16 eit dokument som seier noko om ansvar, oppgåver og organisering av kontrollutvalet.

Frå og med 01.07.13 er kontrollutvalet sine møte opne, på lik linje med andre politiske møte. Utvalet har hatt 4 møter i 2016 og handsama 34 saker inklusiv formaliasaker.

Revisjonen og sekretariatstenesta

Den praktiske utføringa av tilsyns- og kontrolloppgåvene ivaretas hovudsakeleg av revisjonen på oppdrag frå kontrollutvalet. Modalen kommune er medeigar av Nordhordland Revisjon IKS, som er eit interkommunalt revisjonsselskap eigd av dei sju kommunane Austrheim, Fedje, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy.

Sekretariatet er kontrollutvalet sitt operative organ og har som hovudoppgåve å sjå til at dei saker som handsamast av kontrollutvalet er forsvarleg utgreia, og at utvalet sine vedtak vert iverksatt. Nordhordland Utviklingsselskap IKS ivaretar sekretariatsfunksjonen for kontrollutvala i kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy. Sekretær for kontrollutvala er for tida Tonje Husum Aarland.

Saker i 2016

Kontrollutvalet er opptatt av at kommunen har gode rutinar og internkontroll på dei ulike områda. Kontrollutvalet har kalla inn administrasjonen og ordfører for å få naudsynte opplysningar i aktuelle saker.

Kontrollutvalet skal gje ein uttale til rekneskapen. I 2016 vart årsrekneskapen og årsmeldinga for 2015 handsama i KU sak 12/16. Kontrollutvalet ser det som positivt at kommunen har lagt fram positive netto driftsresultat dei siste åra, og i 2016 låg dette på 7,2 mill. kr. Det er viktig



for ein liten kommune som Modalen å ha ein robust økonomi. Nokon av inntektene kan også variere ein del frå år til år og det er difor viktig at kommunen har ein buffer til å møte slike variasjonar.

Planen for selskapskontroll vart handsama av kontrollutvalet i sak 22/16 og av kommunestyret i sak 061/2016. I planen for selskapskontroll skal Modalen Næringsbygg AS prioriterast i denne perioden.

Kontrollutvalet handsama plan for forvaltningsrevisjon i sak 21/16 i utvalsmøte 29.09.16, der dei foreslo forvaltningsrevisjon av samfunnstryggleik - og beredskapsarbeidet i Modalen kommune. Planen vart handsama i kommunestyret i sak 060/2016 og det vart vedtatt å sende planen tilbake til kontrollutvalet for ny handsaming, grunna det varsla tilsynet frå Fylkesmannen i Hordaland på området i løpet av 2017. Kontrollutvalet følgjer opp saka på første møte i 2017.

Kontrollutvalet skal sikre at kommunen har ein forsvarleg revisjon. Revisjonen har vore i fleire utvalsmøter for å orientere om sitt pågåande arbeid og planar for revisjon. Revisjonen har mellom anna lagt fram uavhengighetsærklæring. Revisjonen av årsrekneskapen er tilfredstillande utført etter kontrollutvalet si oppfatning, jf. revisjonsmeldinga til årsrekneskapen datert 04.05.2016 og revisjonsrapport nr. 11 datert 04.05.2016.

Andre saker som vart handsama i 2016:

- Kommunen sin økonomi
- Nummerert brev nr. 10, unnateken offentlegheit, jf. Koml. §78 nr 7
- Orienteringar om aktuelle saker i kommunen
- Orientering om organiseringa av tenesteområdet teknisk, miljø og landbruk
- Oppfølging av forvaltningsrevisjonsprosjekt «Vedlikehald av kommunale bygg i Modalen kommune»
- Oppfølging av merknader i revisjonsrapport nr. 11 (årsrekneskapen 2015)
- Orientering om økonomisk status i høve til budsjett 2016
- Orientering om status for rekneskapsrevisjon
- Orientering om flyktningtenesta

Andre kommentarar

I 2016 deltok fleire av medlemmene på kurs for kontrollutvalsmedlemmer som vart arrangert i Knarvik 20. januar og på Solstrand 25. – 26. januar. Leiar deltok på NKRF sin årlege kontrollutvalskonferanse 3. – 4. februar 2016 og på leiar-møte for kontrollutvala i Nordhordland 10. juni.

Modalen, 07.02.2017

Knut Moe

Leiar